

# Kommunearkivordninga i Vestland KO

Årsmelding for 2021

# Innhald

|   |           |
|---|-----------|
| <b>Innleiing .....</b>                      | <b>4</b>  |
| <b>Organisasjon .....</b>                   | <b>6</b>  |
| Medlemmer .....                             | 6         |
| Representantskap .....                      | 6         |
| Styre .....                                 | 6         |
| Organisasjonsform .....                     | 7         |
| Tilsette .....                              | 7         |
| Fast tilsette .....                         | 7         |
| Mellombels tilsette og engasjement.....     | 7         |
| Styring og kontroll av verksemda.....       | 8         |
| HR, kvalitet og HMS .....                   | 8         |
| Etikk og habilitet .....                    | 8         |
| Likestilling, likeverd og inkludering ..... | 9         |
| Sjukefråvær .....                           | 9         |
| <b>Økonomi.....</b>                         | <b>10</b> |
| Budsjett og rekneskap 2021 .....            | 10        |
| Digitaliserings- og ordningsprosjekt.....   | 11        |
| <b>Basistjenester.....</b>                  | <b>12</b> |
| Rettleiing .....                            | 12        |
| Tenestereiser.....                          | 12        |
| Aktivitetar og kurs .....                   | 12        |
| Depot for papirarkiv .....                  | 12        |

|  |           |
|--|-----------|
| Førespurnader .....  | 14        |
| Ordning av eldre arkiv .....                                   | 14        |
| <b>Elektroniske arkiv .....</b>                                | <b>15</b> |
| Deponering .....   | 15        |
| KDRS .....   | 15        |
| <b>Formidling .....</b>  | <b>16</b> |
| Kurs og aktivitetar .....                                      | 16        |
| Digitalisering og publisering .....                            | 16        |
| Heimeside og sosiale medium.....                               | 17        |
| Fagartiklar .....  | 19        |
| Skulen min .....   | 19        |
| Digitalarkivet.....  | 19        |
| Arkivdagen .....   | 19        |
| Undervisningsopplegg .....                                     | 19        |
| <b>Digitalisering og ordning .....</b>                         | <b>20</b> |
| Digitaliseringsoppdrag.....                                    | 20        |
| Ordningsoppdrag .....  | 21        |
| <b>Fagleg utvikling og prosjekt .....</b>                      | <b>21</b> |
| Reiser og representasjon.....                                  | 21        |
| Kurs og opplæring.....   | 21        |
| Deltaking i regionale og nasjonale samarbeid og prosjekt ..... | 21        |
| Praksisstudentar .....   | 21        |

# Innleiing

2021 var eit spesielt år prega av pandemi og fleire stillingsvakansar på Kommunearkivordninga. Men vi heldt drifta i gong, og fekk mot slutten av året eit gledeleg klarsignal for å byggje nytt arkivbygg på Leikanger.

3 stillingar stod vakante ved starten av 2021 – fagleiarstillinga, stillinga som depotarkivar og stillinga som arkivar for elektroniske arkiv. Det tok tid å få på plass tilsette i dei nye stillingane, og vakansen prega naturleg nok drifta dette året. I tillegg førte restriksjonane som følgje av covid-19 at verksemd ut mot publikum og kommunar måtte avgrensast. Og det betydde også at den tradisjonelle Kontaktkonferansen for kommunane ikkje vart gjennomført dette året.

Ei sak som har vore på dagsorden over fleire år har vore behovet for eit nytt depot for kommunane. Eit tilnærma fullt depot og kommunereform gjer at nytt arkivbygg var enno meir aktuelt enn nokon gong. Kommunearkivordninga gjennomførte kartleggingsarbeid i kommunane på framtidig behov for depot i åra 2018 – 2019, og i år måtte vi få ein endeleg stadfesting av behovet for framtidig deponering av papirarkiv og ein tilslutning til depotet vårt.

Fylkeskommunen tok på seg rolla som byggherre. Eit så stort byggeprosjekt og ei så stor investering måtte gjennom politisk behandling, og etter først å ha vore gjennom hovudutval for kultur, idrett og integrering vart framlegget om nytt arkivbygg samrøystes vedteke i fylkestinget i desember 2021. Vedtaket var ikkje utan bindingar, for Kommunearkivordninga måtte få tilslutning til 80% av det tidlegare innmeldte behovet, og det er ein jobb som vert prioritert første halvdel i 2022.

Mesteparten av den ordinære drifta vart oppretthalde i 2021 trass i utfordringane vakanse på stillingar førte med seg. Samla sett handterte vi over 1.000 førespurnader/bestillingar på dei offentlege arkiva vi har i våre depot. I oktober var vi endeleg fullbemanna, etter å ha fått på plass ny fagleiar og i alt 3 rådgjevarar.

Ei gledeleg arkivsak på tampen var fjoråret var at vi fekk inn tidlegare Hafslo kommune sin første formannskapsprotokoll. Denne har vi aldri hatt i vårt eige, og vi har rekna den som tapt. Før jul vart vi kontakta av ein privatperson som fann denne i samband med rydding. No er den endeleg komen heim til dei andre formannskapsprotokollane etter Hafslo kommune, den er vorten digitalisert og publisert og er plassert trygt og godt i gode lokale.

## Nytt arkivbygg

Eit nytt depot vil etter planen stå klart i 2024, og vil gjera oss i stand til å ta vare på og formidle den kollektive hukommelsen for kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune.

12 NYHENDE

Torsdag 9. desember 2021

SOGN AVIS



**SKANNAR:** Specialkonsulent Hege Mari Kolseth i full gang med å sjekke byggjesaker. Denne dagen er det saker frå Gaular i Sunnfjord.



**VIDEO:** Musikkarkivar Karl Proder Mork med videokamera. Dette prosjektet er eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket.



**10.000 HYLLEMETER:** I denne delen av arkivmagasinet på Fylkeshuset har seksjons sjef Arnt Ola Fjellstøl og medarbeidarane 10.000 hyllemeter med dokumentasjon å halde styr på.

Frå frukt til historisk gullgruve:

# Her blir det nytt arkivbygg til 59 millionar

**LEIKANGER:** Bama-bygget på Hermansverk kan bli ei arkivarisk høgberg.

KAI MARTIN BREKKE  
leikanger@avis.no

Førre veko gjekk fylkesutvalet inn for å realisera eit nytt arkivbygg i Leikanger. Følgjer fylkestinget opp vil det teisa seg eit nytt arkivbygg på 1.800 kvadratmeter med ei kostnadsramme på 59 millionar kroner i Hagane på Hermansverk.

- Kva skal det nye arkivmagasinet romma?

- Det handlar om å få eit nytt stort arkivbygg som rommar arkiva til Vestland fylkeskommune og kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane. Når me har blitt til Vestland fylke, er det relevant at kommunane i tidlegare Hordaland også kan inviteast inn. Det har styrt seg sjelve og har ikkje vore med i denne prosessen. Det ein har jobba ut ifrå er eit behov som er meldt inn før 2020 og fylkessamanlaginga, seier avdelingsleiar Arnt Ola Fjellstøl på Fylkesarkivet.

- Me har masse levlyst og offentleg arkivmateriale me skal ta vare på. Det same har Vestland fylkeskommune som det er forplikta å ta vare på i høve rettstryggleik og demokrati, seier Fjellstøl.

### Treng meir plass

Men det finst også ein stor privat dokumentasjon i magasinnet.

- Me er organisert med seksjon arkiv på Leikanger der me har ein del kulturhistorisk materiale i form av foto, musikk og privatarkiv. Me har med oss inn i Vestland, den rolla me har hatt i tidlegare Sogn og Fjordane, og deninga har me tenkt å halda fram med, sikra samfunnsdokumentasjon for heile Vestland, ikkje berre Sogn og Fjordane.

- Og då treng arkivet meir



**SATSAR:** Her på Bama-tomta på Hermansverk planlegg Vestland fylkeskommune å fara opp eit nytt arkivbygg til 59 millionar kroner. - Me treng meir plass, seier seksjons sjef Arnt Ola Fjellstøl.

FOTO: KAI MARTIN BREKKE

plass?

- Slik er det. No er det smekk fullt på Fylkeshuset, så me må ha meir kapasitet, seier Fjellstøl.

- Og då er det Bama-bygget ein har blinka seg ut?

- Det vart sett på andre alternativ også, men ein har falle ned på Bama-bygget. Det er bygg og eigeom og ingeniørane der som har vurdert dette saman med oss på Fylkesarkivet at det er eit eigna område for denne satsinga, seier Fjellstøl.

### Nytt bygg

Planen er å byggja eit heilt nytt bygg

- Det er det, men det ligg framleis et men bet, seier Fjellstøl og forklarar:

- For at fylkeskommunen skulle vera sikre på at dette var noko dei ville gå vidare med, måtte dei ha noko litt hardfast frå kommunane om kva arkivbehov dei hadde. Alle kommunar har sagt at dei ønskjer ei tilknytning av ulik grad. Vik har

meikt tilbake at dei har eit lokalhistorisk arkiv, elles er det fullt oppslutnad, seier Fjellstøl.

Kommunane vart bedoe om å estimera arkivbehovet sitt, og det er det talet som ligg til grunn for planene, saman med Vestland fylkeskommune sine egne behov.

- No får kommunane ei sak på bordet der dei raskt må underretta ein avtale som forpliktar dei på det behovet dei har meldt inn. Det blir ikkje sett i gang noko med mindre kommunane melder inn minimum 80 prosent av behovet dei har estimert. Dette er noko kommunane må finna ei løysing på samsett. Om det vel å ikkje sluttast seg til eit felles magasin, må dei ha det sjølve. Det er langt dyrare, både i høve kostnader med betening og gode nok lokale i høve mellom anna brannvern og klima, seier Fjellstøl og viser til korles dette er ordna andre stader.

### Fleire arbeidsplassar?

- Der har kommunane gått sa-

man regionvis om eit slikt arkivmagasin.

Fylkesarkivet har i dag 19 tilsette i Leikanger.

- Trur du satsinga, om den blir sjøsett slik det no ser ut til skjer, vil føra til fleire arbeidsplassar på arkivet her?

- I utgangspunktet gjer me det. Det blir ein diskusjon, og det er kommunane som har det siste ordet. Dokument skal taast i mot, organisert og betenast for å unngå dokumentasjonstap. Samfundet skal me ta vare på rettane til meg og deg, og dokumentera samfunnsutviklinga. Då må me vera på hugget og lett kunna finna svar på spørsmål som dukkar opp, seier Fjellstøl.

Og han legg til:

- Ja, det kan bli aktuelt å auka staben for kunnig gje eit best mogleg tilbod.

- Ikkje berre når det gjeld den lovplagde biten.

- I magasinet her har me 300.000 foto og 15.000 lydopptak frå lag og organisasjonar. Vestland er ein region som har

satta på arkiv over lang tid for å sikra samfunnsdokumentasjonen. Me har sterk arkivorganisasjon sør for oss med Bergen Byarkiv og IKA Hordaland. No skal me samarbeida godt framover, mellom anna laga ein bevaringsplan for heile Vestland. Her er me veldig opptekne av at private tek del for å få dokumentert heile biletet av kulturen i vestlandingen har levd, privat og offentleg. Dette er eit arbeid og opplever at politikarane våre er opptekne av, seier Fjellstøl.

### - Ein styrke

- Vil etableringa av eit nytt arkivbygg vera ein styrke for fylkeskommunen sin aktivitet i Leikanger?

- Det tykkjer så absolutt. Eg føler at Vestland ønskjer å styrka regionen opp mot sentrale styremakter. At me skal ha ei garskap til vår eigen samfunnsdokumentasjon. At det skal skje på våre premisser. Her føler eg at det er ein god driv, seier Fjellstøl.

# Organisasjon

## Medlemmer

Det var ingen endringar på dette området i 2021, og samarbeidet hadde følgjande deltakarar:

- Askvoll kommune
- Aurland kommune
- Bremanger kommune
- Fjaler kommune
- Gloppen kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune
- Høyanger kommune
- Kinn kommune
- Luster kommune
- Lærdal kommune
- Stad kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Sunnfjord kommune
- Stryn kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune

## Representantskap

Representantskapet er øvste myndigheit i samarbeidet. Alle deltakarane er representert her. I 2021 vart det halde vanleg representantskapsmøte 13. april og eit ekstra møte 8. desember.

## Styre

Fram til representantskapsmøtet i april 2021 var dette styret:

### Styremedlemmar

- Ellen Jensen (Sunnfjord kommune), leiar
- Arnvid Hovland (Høyanger kommune)
- Reidun Sørestrand Hågvar (Sogndal kommune)
- Katrine Røkke Wilson (Vestland fylkeskommune)
- Jan Kåre Fure (Gloppen kommune) (fram til sommaren 2020)
- Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune) (frå september 2020)

### Varamedlemmar

- Tor Halvard Botnen
- Rolf Kalland
- Reidun Halland
- Møyfrid Ellingsund
- Ken Heine Bakke

I april 2021 vart dette styret vald for 2 år:

### Styremedlemmar

- Geir Liavåg Strand (Gloppen kommune), leiar

- Lise Mari Haugen (Sunnfjord kommune), nestleiar
- Katrine Wilson (Vestland Fylkeskommune)
- Arnvid Hovland (Høyanger kommune)
- Linda A. Myhre Larsen (Kinn kommune)

#### Varamedlemmar

- Reidun Sørestrand Hågvar Sogndal kommune)
- Irene Sivertsen (Kinn kommune)
- Solveig Masdal Haugsvær Sunnfjord kommune
- Nina Helen Flatebø (Sogndal kommune)

## Organisasjonsform

Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap er ei samarbeidsordning mellom 18 kommunar og fylkeskommunen i Vestland. Samarbeidet er ei vidareføring av Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane som først vart oppretta i 1986, og som vart ei fast ordning frå 1991. Frå 01.01.2020 er Vestland fylkeskommune ny medlem, vedtektene er endra, og samarbeidet er etablert som kommunalt oppgåvefelleskap heimla i ny kommunelov § 19.

Følgjande avtalar har lege til grunn for arbeidet ved kommunearkivordninga i 2021:

- Avtale mellom kommunane og Fylkesarkivet frå 1999
- Avtale mellom Vestland fylkeskommune og Fylkesarkivet frå 2020
- Avtale om depotordning for papirarkiv mellom einssilde kommunar og Fylkesarkivet frå 2005
- Avtale om depotordning for elektroniske arkiv mellom kvar enkelt kommune og fylkeskommunen, og Fylkesarkivet frå 2005

## Tilsette

### Fast tilsette

Desse var tilsett ved Kommunearkivordninga i 2021:

- Espen Sæterbø, seniorrådgjevar, konstituert fagleiar frå 1. januar til 30. oktober
- Sigrun Espe, fagleiar frå 15. oktober
- Kjerstin Risnes, seniorrådgjevar gjekk av med pensjon til sommaren.
- Kristine Rohde, seniorrådgjevar
- Dorthea Rennestraum Alisøy, ordningsarbeidar fram til 31.mai , rådgjevar frå 1.juni
- Olav Andersson Haugen, ordningsarbeidar fram til 31. august, rådgjevar frå 1.september
- Kristian Lilleeng Skjellaug, rådgjevar frå 1. september
- Hege Mari Kolseth, digitalisering
- Anna Zubkova, digitalisering
- Anett Ytre-Eide, digitalisering

### Mellombels tilsette og engasjement

Vi hadde tre ferievikarar som jobba for oss i 2021. Dei jobba dels for Kommunearkivordninga og dels med ikkje offentlege arkiv:

- Elisa Stadheim Fjeldstad
- Alexander Fotland Iversen
- Erik Kvåle Ulla

Hausten 2021 hadde vi desse praksisstudentane frå Høgskulen på Vestlandet. Dei tre var involvert i arbeidet både ved Kommunearkivordninga og fageininga Ikkje-offentlege arkiv:

- Kristoffer Aronsen
- Victor Thunestvedt
- Thomas Andreas Olsen

## Styring og kontroll av verksemda

Her kan du lese om kontrolltiltak og risikovurderingar, HMS, etikk, varsling og personvern med meir. Alle desse punkta ber preg av at Vestland fylkeskommune er vertskommune, og alle som jobbar for kommunearkivordninga er fast tilsett i fylkeskommunen. Kommunearkivordninga i Vestland har ein avtale om å disponere desse stillingane. Sjå elles Vestland fylkeskommune si årsmelding for meir informasjon og rapportering.<sup>1</sup>

### HR, kvalitet og HMS

Kvalitet, HMS, beredskap og personvern med meir vert ivareteke gjennom avtale med Vestland fylkeskommune som er vertskap for Kommunearkivordninga. Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet sitt med eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU) for heile fylkeskommunen og lokale AMU på alle skular, administrasjonsstadar og i ei rad avdelingar og seksjonar. Eit eige AKAN-utval er òg etablert. Vi nyttar eit digitalt kvalitetssystem (Styringssystemet for kvalitet og HMS), eit verktøy som sikrar at arbeidsoppgåver og prosessar blir gjennomført på ein heilskapleg måte.

Kommunearkivordninga er ikkje eiga journalførande eining, men nyttar sak- og arkivsystema til Vestland fylkeskommune. Sak- og arkivsystemet vart fasa ut på slutten av året i 2021, då nytt system, Elements, skulle takast i bruk frå 1.1.2022.

### Etikk og habilitet

Alle tilsette ved Kommunearkivordninga i Vestland følger etiske retningslinjer som gjeld tilsette i Vestland fylkeskommune. Desse skal bidra til høg etisk standard, jf. kommunelova. Dei vart vedtekne av fylkesutvalet i desember 2019. Som offentlege tilsette forvaltar vi verdiane til innbygarane i Vestland. Vi er avhengige av deira tillit til at vi utfører jobben vår i samsvar med m.a. forvaltningslova og med høg etisk standard.

Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt, opptre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen. For å sikre dette på best

---

<sup>1</sup> «Årsmeldinga for 2021 er klar.» <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2022/arsmeldinga-for-2021-er-klar/>



mogeleg måte vart det i 2021 utvikla eit nettbasert kurs om etiske retningslinjer for Vestland fylkeskommune. Kurset er obligatorisk for alle tilsette i fylkesadministrasjonen.

## Likestilling, likeverd og inkludering


Aktivitets- og orienteringsplikta er ei plikt for alle arbeidsgjevarar til å jobbe aktivt, målretta og planmessig med likestilling og ikkje-diskriminering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26. I Vestland fylkeskommune er arbeidet med likestilling og mangfald forankra og integrert i Vestland sin utviklingsplan (2020–2024) og temaplan for likeverd (2017–2021) utarbeidd av Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen har rutinar for varsling, og har oppretta ein eigen funksjon i skjemaet for varsling, der ein kan varsle særskilt om diskriminering på grunn av etnisitet og rasisme. Det er også utarbeidd rutine for handtering av mobbing, trakassering, diskriminering og rasisme.

Kommunearkivordninga har ingen tilsett i deltidstillingar, og hadde i 2021 berre ferievikarar og praksisstudentar inne i mellombelse stillingar.

Stoda for kjønnslikestilling i Kommunearkivordninga er slik: Av faste tilsette 31.12.2021 var fire menn og seks kvinner. Styret bestod på same tidspunkt av to menn og tre kvinner, der leiar er mann og nestleiar er kvinne.

Avtalt løn var i 2021 fordelt jamt mellom kjønn på dei ulike stillingsgruppene<sup>2</sup>.



## Sjukefråvær

Statistikken for 2021 viser eit sjukefråvær på 2,85%, opp litt frå 1,94 i 2020. Dette er likevel lågare enn gjennomsnittet i sentraladministrasjonen i Vestland fylkeskommune, som er på 5,8%.

<sup>2</sup> Dagleg leiar si løn er ikkje medrekna i denne oversikta.

# Økonomi

## Budsjett og rekneskap 2021

### Driftsrekneskap

| Inntekter  | Budsjett 2021     | Rekneskap 2021    |   |
|--|-------------------|-------------------|---|
| Eigartilskot                                       | -2 858 505        | -2 796 090        |   |
| Depotleige   | -2 618 498        | -2 570 989        |   |
| Refusjon sjukeløn                                  |                   | -21145            |   |
| <b>SUM inntekter</b>                               | <b>-5 477 003</b> | <b>-5 388 224</b> |   |
| <b>Driftsutgifter</b>                              |                   |                   |   |
| Fast løn og løn til vikarar                        | 3 627 700         | 2 245 092         |   |
| Engasjement  |                   |                   |   |
| Pensjonspremie KLP                                 | 507 878           | 129 696           |   |
| Personalforsikringar, oppg.pl.                     |                   | 540               |   |
| Arbeidsgjevaravgift                                | 583 116           | 251 019           |   |
| <b>SUM LØNN</b>                                    | <b>4 718 694</b>  | <b>2 626 347</b>  | 1 |
| Kontormateriell                                    | 50 000            | 57 358            |   |
| Internett og telefoni                              |                   |                   |   |
| Matvarer eksl. møte/kurs/reise                     | 2 009             | 2 332             |   |
| Beverting til møte/kurs/reise                      | 10 000            | 106               |   |
| Gåver til ansatte                                  | 2 800             | 990               |   |
| Annonse, reklame, informasjon                      |                   | 43 451            |   |
| Opplæring og kurs                                  |                   | 4 866             |   |
| Bilgodtgj. Oppg.pl.                                | 25 000            | 2 482             |   |
| Kostgodtgj. Oppg.pl.                               | 25 000            | 11 865            |   |
| Reiseutgifter møte/kurs                            | 150 000           | 96 263            |   |
| Leige av transportmiddel/anleggsmaskiner til drift | 10 000            | 16 788            |   |
| Lisensar og kopieringsavtalar                      | 95 000            | 96 470            |   |
| Kontingentar                                       | 360 000           | 368 778           |   |
| Andre tenester eksl. konsulent/juridisk            | 10 000            |                   |   |
| Overføring til andre (private)                     | 18 500            | 18 000            |   |
| <b>SUM DRIFT</b>                                   | <b>758 309</b>    | <b>719 749</b>    | 2 |
| <b>RESULTAT</b>                                    | <b>0</b>          | <b>-2 042 128</b> | 3 |

- 1) Underforbruk på lønsmidlar kjem etter eit år med stor utskifting av personale, stillingskontroll i fylkeskommunen og fleire vakante stillingar. Vi hadde om lag 2,4 årsverk med vakansar i 2021.
- 2) Underforbruk på drift er i all hovudsak på reiseutgifter i 2021.
- 3) Overskot er foreslått avsett til Kommunearkivordninga sitt driftsfond.

### Eigenkapital og fondsutvikling

| Fondsutvikling  |           |
|---|-----------|
| Driftsfondet pr. 21.12. 2020  | 1 197 373 |
| Overskot 2020 som var ført på driftsfond etter vedtak på rep.møtet 2021 | 248 005   |
| Driftsfondet pr. 31.12.2021 (før resultat 2021)                         | 1 445 378 |
| Driftsfondet pr. 1.1.2022 (etter resultat 2021)                         | 3 487 506 |

## Digitaliserings- og ordningsprosjekt

| Inntekter   | Rekneskap 2021   |
|---|------------------|
| Overføring frå kommunar   | 2 094 797        |
| Overføring frå prosjektfond   | 750 705          |
| <b>SUM inntekter</b>  | <b>2 845 502</b> |
| <b>Utgifter</b>   |                  |
| Fast løn og løn til vikarar   | 1 840 233        |
| Engasjement   | 73 002           |
| Pensjonspremie KLP  | 241 510          |
| Personalforsikringar, oppg.pl.  | 932              |
| Arbeidsgjevaravgift   | 228 350          |
| Kontormateriell   | 1 665            |
| Kostgodtj. Oppg.pl.   | 3 354            |
| Avsetjing fond Arkivplan.no   | 118 265          |
| Avsetjing fond Fylkestingsforhandlingane  | 338 194          |
| <b>SUM utgifter</b>   | <b>2 845 505</b> |
| <p>4) Digitaliserings- og ordningsoppdrag går oftast over fleire år. Dei som bestiller oppdraget vert fakturert 40% ved inngåing av kontrakt, 30% ved oppstart og 30% ved ferdigstilling av oppdraget. Midlar vert sett av på prosjektfond og brukt gjennom prosjektperioden.</p> <p>5) Desse kommunane har betalt inn i 2021: Hornindal (Volda), Eid, Førde, Aurland, Selje, Stryn</p> |                  |

4

5

# Basistene

Basistene ved kommunearkivordninga gjeld alle medlemskommunane. Det omfattar arbeid med arkivdanning, eldre arkiv og personregistermateriale.

## Rettleiing

Kommunane har jamt behov for rettleiing i arkivdanning og arkivplan.

Arkivdanninga er den delen av arkivfaget som tek for seg dei prosessar som fører til at arkivet vert skapt. Det handlar i praksis om organiseringa av dokumentflyt og dokumentproduksjonen, og få på plass gode rutinar som sikrar best mogleg forståing av korleis arkivet har blitt skapt både i notid og framtid. Det er eit jamt behov for rettleiing på dette feltet i kommunane, men i 2021 har det i hovudsak vore rettleiing per telefon og e-post som følgje av reiserestriksjonar.

Arkivplan er eit planleggings- og styringsreiskap for arkiv og forvaltning av dokumentasjon i offentlege organ. Arkivforskrifta § 4 seier at alle offentlege organ skal ha ein arkivplan som er oppdatert og dekkande for arkivholdet slik det vert utført i organet. Vårt arbeid med arkivplan er først og fremst ein rådgjevarrolle for kommunane. I 2021 har vi rådgjeve på arkivplanane til Vestland fylkeskommune, Lærdal kommune, Luster kommune, Gulen kommune.

## Tenestereiser

Det har vore gjennomført få reiser i 2021 som følgje av restriksjonane.

## Aktivitetar og kurs

Kontaktkonferansen og kontaktmøtet vart avlyst grunna covid 19-pandemien.

## Depot for papirarkiv

Sentraldepot for kommunar og fylkeskommunen vart etablert i 2006. 18 kommunar og fylkeskommunen er med i ordninga. Sentraldepotet sine oppgåver er å ta vare på kommunane sine papirarkiv, gjere dei tilgjengelege og formidle frå arkiva.

## Eldre arkiv (materiale skapt før 1964)

Alle kommunane vi har depotavtale med har avlevert sine eldre arkiv. Det er likevel slik at det kan vera oppbevart eldre kommunale arkiv i kommunale bygg eller hjå privatpersonar.

Kommunearkivordninga henta i desember 2021 eldre arkivmateriale på det gamle heradshuset i Breim. Under oppussing og rydding av huset, kom eigarane over større mengder med arkiv, og tok difor kontakt med oss.

Firda tidend 10.desember 2021

I 2021 kom det inn tilvekstar på eldre arkiv frå Høyanger kommune.

Som nemnt i innleiinga fekk vi ei gledeleg arkivsak på tampen av fjoråret. Vi fekk inn tidlegare Hafslø kommune sin første formannskapsprotokoll. Denne har vi aldri hatt i vårt eige, og vi har rekna den som tapt. Før jul vart vi kontakta av ein privatperson som fann denne i samband med rydding. No er den endeleg komen heim til dei andre formannskapsprotokollane etter Hafslø kommune, den er vorten digitalisert og publisert og er plassert trygt og godt i gode lokale.

## Nyare arkiv (materiale skapt etter 1964)

I 2021 kom det inn tilvekstar på personregistermateriale frå kommunane Sunnfjord, Høyanger, Kinn, Hyllestad, Askvoll og Bremanger.

Sogndal kommune levte inn administrativt arkiv til mellombels oppbevaring. Det kom inn materiale til digitalisering frå Fjaler og Sunnfjord kommune.

# Førespurnader

Kommunearkivordninga handterer førespurnader i hovudsak frå eigarkommunane og privatpersonar. Førespurnadene gjeld alle typar arkiv, men det som er mest etterspurt er eigedomsinformasjon, rettighetsdokumentasjon, vegsaker og informasjon frå skulearkiv.

Naturlegvis har eit aukande tilfang av arkiv som er deponert ført til at tal førespurnader aukar kvart år.

I 2021 hadde vi i alt 650 førespurnader på deponerte arkiv, der nær 500 av desse var rettighetsdokumentasjon. Ressursbruken på førespurnader varierer, men generelt sett er det eit ressurskrevjande arbeid. På arkiv som vi har inne til digitalisering behandla digitaliseringstenesta fortløpande om lag 400 førespurnader, som kjem i tillegg til den kronologiske digitaliseringa av dei einskilde arkiva.

Avgrensingane som følgje av covid-19 førte til færre besøk på lesesalen i 2021, men vi heldt oppe tilgjengelegheitsgraden ved å digitalisere arkivmateriale på bestilling.

## Ordning av eldre arkiv

Ordning av eldre arkiv inngår i basistenestene til kommunane, men grunna stor vakanse i 2021 vart det ikkje ei prioritert oppgåve å ordne eldre arkiv utover at det vart gjort registreringsarbeid i samband med tilgjengeleggjering av enkelte arkiv.

# Elektroniske arkiv

## Deponering

Vi tek imot digitale arkiv frå kommunane. Deponering av arkiv er kommunane sitt ansvar, og det er dei som må ta kontakt med oss for å starte denne prosessen. Kommunearkivordninga tek så ansvar for mottak, ordning, tilgjengeleggjering og sikring.

Pr. desember 2021 hadde vi motteke 115 digitale arkiv frå våre medlemmar. Dette er fagsystem og sak/arkiv-system. Desse kommunane har deponert eitt eller fleire system:

**Fagsystem:** Aurland kommune, Balestrand kommune, Bremanger kommune, Eid kommune, Fjaler kommune, Førde kommune, Gulen kommune, Gloppen kommune, Hornindal kommune, Høyanger kommune, Jølster kommune, Leikanger kommune, Selje kommune, Vågsøy kommune, Stryn kommune, Vik kommune, Sogn Barnevern og Sogn PPT (Sogndal kommune)

**Sak-/arkivsystem:** Aurland kommune, Balestrand kommune, Bremanger kommune, Eid kommune, Fjaler kommune, Gulen kommune, Gloppen kommune, Høyanger kommune, Leikanger kommune, Luster kommune, Naustdal kommune, Vik kommune, Selje kommune, Sogndal kommune, Førde kommune, Eid kommune, Vik kommune, Vågsøy kommune, ÅLAV, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

## KDRS

Kommunearkivordninga er medlem i og ein av eigarane av Kommunearkivinstusjonenes Digitale RessursSenter SA (KDRS). Eigarane er kommunale og interkommunale arkivinstusjonar frå heile landet. KDRS tilbyr oss tenester som varetek dei faglege krava til langtidslagring av digital informasjon.

# Formidling

Arbeidsfeltet *formidling* dekkjer arbeidet med informasjon til brukarar av arkivmateriale. Til dette arbeidsfeltet høyrer fylkesarkivet.no og tilhøyrande publiseringskanalar, digitalisering av kjelder, artiklar til ulike tidsskrift, foredrag og samarbeid med brukargrupper.

## Kurs og aktivitetar

Det var lite aktivitet i 2021 grunna covid 19.-pandemien. Vi starta i 2021 eit arbeid med digitale opplæringsvideoar for kommunane.

## Digitalisering og publisering

Kommunearkivordninga har store mengder med papirarkiv i sine depot. Arkiva skal vera tilgjengelege og i Strategi- og økonomiplan punkt 2.2 er det eit av hovudgrepa at arkiva skal mediekonverterast og digitaliserast, og presenterast på ein slik måte at alle lett kan finne fram.

Som del av det faste arbeidet vårt i 2021 vart følgjande arkivstykke/arkivseriar digitalisert:

- Alle skuleprotokollar etter Hafslo kommune (1837 – 1964)
- Fattigstyret i Sogndal sine møteprotokollar
- Likningsmateriale frå fleire periodar frå fleire kommunar
- Forlikrådet i Aurland sine møteprotokollar

Ved førespurnader om tilgang til protokollar digitaliserer vi ofte heile arkivstykket, sjølv om det kan berre vera utdrag førespurnaden gjeld. Etter digitalisering vert det ferdig digitaliserte arkivstykket langtidslagra i dokumentlageret vårt. Ut over digitalisering som følgje av førespurnader, så digitaliserer vi arkivserie for arkivserie, dersom vi har ressursane til det.

Digitaliserte protokollar som er yngre enn 60 år vert ikkje publiserte, men er tilgjengelege for digital kopi per førespurnad.



## Skuleprotokoll for Solvorn skule og Eikestrand krins, 1884-1893

| Aar 1885  |          | Eikestrandkrins          |                   | Solvorn           |                   | med 6 Støttenge aarlig. |                   |
|---|----------|--------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------------|-------------------|
| Elevskiftet, i hvilket Skoleåret, eller paa hvilken Maaned og ved hvilken Tidspunkt, samt i hvilken nær Skole er holdt. |          | De folepligtige Børns    |                   | Skoleåret i       |                   | Tilfølgende i           |                   |
| nr.   | afdeling | Navne.                   | Beløp paa 100 No. | Beløp paa 100 No. | Beløp paa 100 No. | Beløp paa 100 No.       | Beløp paa 100 No. |
| 1   |          | G. Jørgen Christoffersen | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |
| 2   |          | Anders Larsen de         | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |
| 3   |          | Jonas Johansen           | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |
| 4   |          | Johannes Vidar           | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |
| 5   |          | Anders Christoffersen    | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |
| 6   |          | Anders Christoffersen    | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |
| 7   |          | Anders Christoffersen    | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |
| 8   |          | Anders Christoffersen    | 15,75             | 15,75             | 3                 | 3                       | 2                 |

## Heimeside og sosiale medium

Vi jobbar med formidling fordi folk skal kjenne til at arkiva finst. Dette er nedfelt i Strategi- og økonomiplan punkt 2.2. For at arkiva skal nå ut til alle, må kommunearkivordninga vere der folk er. Vi arbeider difor med formidling på ulike plattformer og mot ulike målgrupper.

### Publiserte saker

- Fylkesarkivet.no: 33 nyhendesaker
- Facebook: 59 innlegg / rekkevidde 68 020
- Instagram: 95 innlegg / rekkevidde 19 685

Det har vore noko mindre formidlingsaktivitet enn vanleg i 2021, grunna bemanningssituasjonen. Men vi samarbeider med resten av seksjonen om å formidle arkiv gjennom å publisere saker på fylkesarkivet.no, og på Facebook og Instagram.

Ein ting vi har prioritert i 2021 er å hente fram artiklar som tidlegare ikkje har vore publisert digitalt, som til dømes artiklar i Kjelda, og publisere desse på heimesida. Eit døme på dette er artikkelen om Smelvær-ulykka frå Kjelda nr 3 2015. Her kan vi lese at møteboka til Askvoll formannskap frå 8. juni 1939 gir innsyn i ei stor tragedie som råka ein familie i Askvoll.

### Smelvær-ulykka i 1939

Ein ting vi har prioritert i 2021 er å hente fram artiklar som tidlegare ikkje har vore publisert digitalt, som til dømes artiklar i Kjelda, og publisere desse på heimesida. Eit døme på dette er artikkelen om Smelvær-ulykka frå Kjelda nr 3 2015. Her kan vi lese at møteboka til Askvoll formannskap frå 8. juni 1939 gir innsyn i ei stor tragedie som råka ein familie i Askvoll.

Fylkesarkivet  
i Vestland

Kontakt Om fylkesarkivet English A A A Søk på sida Søk

Arkiva våre Utforsk Om arkivering

Billete av familien på Smelvær. Frå venstre: Matilde, Alf, Gudrun, Konrad og Bertel. Fremst sit mor til Bertel, Gurine.

## Smelvær-ulykka

### Langlesing frå arkivet:

I møteboka til Askvoll formannskap frå 8. juni 1939 kan vi lese om ei dramatisk hending som skjedde dagen før.

Postet av [Annette Langedal Holme](#) Publisert 07. juni 2021 | Oppdatert 07. juni 2021

Artikkelen vart først publisert i [Kjelda nr. 3 2015](#)

## Fagartiklar

Det var i 2021 lite produksjon grunna bemanningssituasjonen ved Kommunearchivordninga.

## Skulen min

Arbeid med skuleprotokollar frå tidlegare Gaular kommune og tidlegare Hafslo kommune starta opp i 2021. I hovudsak er det arbeid med registrering av metadata og digitalisering som er gjennomført. Store deler av registreringsarbeidet er gjennomført av sommarvikarar og praksisstudentar frå Høgskulen på Vestlandet. Digitalisering av materialet er gjort av studentar og tilsette ved Kommunearchivordninga. Det blir teke sikte på å ferdigstille arbeidet med dei to kommunane i løpet av 2022.

Vi fekk på slutten av året 2020 midlar frå Arkiverket til å gjennomføre eit prosjekt for å knytte skuleprosjektet opp til Digitalarkivet. Grunna forseinkingar i utviklingsarbeidet hjå Digitalarkivet og covid 19-pandemien, har vi utsett dette prosjektet og tek sikte på å starte opp i 2022.

## Digitalarkivet

Vi har fleire prosjekt på gang som skal knytte seg opp til Digitalarkivet. Dette gjeld prosjekt om Skulen min og møtebokregisteret. Vi har hatt dialog med Digitalarkivet om desse i 2021, og følgjer opp i 2022.

## Arkivdagen

I 2021 samarbeida vi med resten av seksjon arkiv, Bergen byarkiv, Statsarkivet om IKA Hordaland om eit felles formidlingsopplegg med tema Barn i arkivet. Det vart gjennomført som eit digitalt arrangement, i form av kjeldeslepp og nettutstillingar. Kommunearchivordninga hadde ei mindre rolle i 2021 grunna bemanningssituasjonen.

## Undervisningsopplegg

Fylkesarkivet har i mange år hatt ein samarbeidsavtale med Leikanger Ungdomsskule. Ungdomsskulen vitjar fylkesarkivet med ein klasse kvart år i samband med prosjektarbeidet «bygda vår», og vi på arkivet stiller med presentasjonar og omvising i magasina. I 2021 vart det eit digitalt opplegg, med fokus på dei digitale kjeldene våre.

# Digitalisering og ordning

Kommunearkivordninga tilbyr ordning og digitalisering av arkiv på oppdrag for våre medlemmar. Vi handsamar også førespurnader på arkiv under digitalisering, digitalisering på bestilling.

## Digitaliseringsoppdrag

I 2021 jobba tre medarbeidarar med det vi kallar fullskanning: Då startar vi på gbnr. 1/1 og skannar oss kronologisk igjennom heile arkivet. Skulle kommunen trenge eit gbnr. før vi har kome dit i fullskanningsprosessen, kjem dette som digitalisering på bestilling (DPB) og blir teke ut av rekkefølge. Slik får kommunen heile tida tilgang til det dei treng i arkivet sitt, uansett kor langt vi har kome i skannejobben. DPB er ein del av avtalen, og inkludert i det kommunane betalar for digitaliseringsarbeidet.

Vi fullførte fem digitaliseringsprosjekt i 2021: Hornindal eigedomsarkiv, Hornindal oppmålingsarkiv, Selje byggesaksarkiv, Selje landbruksarkiv, Stryn byggesaksarkiv. I 2021 fullskanna vi totalt 52 hm. Dette kjem i tillegg til DPB.

### Førespurnader på arkiv under digitalisering, digitalisering på bestilling (DPB)

Totalt sett i 2021 handsama vi førespurnader på 387 gbnr. fordelt på desse ni arkiva, noko som utgjør 11,665 hm:

|                           |                  |          |
|---------------------------|------------------|----------|
| Eid byggesaksarkiv        | Totalt 67 gbnr.  | 1,14 hm  |
| Førde byggesaksarkiv      | Totalt 189 gbnr. | 7,64 hm  |
| Førde oppmålingsarkiv     | Totalt 4 gbnr.   | 0,04 hm  |
| Fjaler byggesaksarkiv     | *                | 0,005 hm |
| Gaular byggesaksarkiv     | Totalt 82 gbnr.  | 1,94 hm  |
| Gloppen personalarkiv     | Totalt 2 gbnr.   | 0,03 hm  |
| Stryn byggesaksarkiv      | Totalt 1 gbnr.   | 0,025 hm |
| Hornindal eigedomsarkiv   | Totalt 34 gbnr.  | 0,795 hm |
| Hornindal oppmålingsarkiv | Totalt 8 gbnr.   | 0,05 hm  |

\*) Førespurnaden gjaldt ikkje spesifikt gbnr.

## Ordningsoppdrag

To tilsette jobba med ordningsoppdrag delar av året 2021. Dei har mellom anna jobba med å ordne arkiva etter Aurland kommune sine barnehagar og skular, og skulekontoret til Stryn. Siste del av 2021 hadde vi ikkje ordningsarbeidarar. Ordningsoppdraga er sett på vent.

# Fagleg utvikling og prosjekt

## Reiser og representasjon

Sju tilsette ved Kommunearchivordninga deltok på KAI-konferansen i Trondheim i september. Tema for denne konferansen var Digital transformasjon med arkivbriller. Nettverksbygging og fagleg utveksling og utvikling er ein viktig del av denne konferansen.

Vi deltok med ein representant på årsmøtet til Arkivforbundet.

## Kurs og opplæring

IT-arkivar Kristian Lilleeng Skjellaug var på hospitering hjå IKA Kongsberg i oktober.

## Deltaking i regionale og nasjonale samarbeid og prosjekt

Vi deltek i KAI-fagforum, eit arkivfagleg forum for tilsette som jobbar med arkivdanning i KAI-institusjonar i heile landet.

## Praksisstudentar

Tre studentar frå Høgskulen på Vestlandet hadde ein 7 veker lang praksisperiode ved seksjon arkiv hausten 2021. I løpet av denne perioden jobba studentane både med arbeidsoppgåver knytt til Kommunearchivordninga og til foto og privatarkiv. Oppgåver knytt til Skulen min utgjorde ein stor del av dette arbeidet. Her vart skuleprotokollar frå tidlegare Hafslo kommune registrerte og digitaliserte.

